

Tinnemann

Svein Løndal (1864-1949) i Tuddal lærde ein slått av ei gamal kjerring frå Spærrud i Heddal, som tralla slåttan for honom i 1891. Da hadde slåttan vore borte i over 50 år. Svein heldt slåttan for seg sjølv i 10 år, heilt til han 1901 spela denne gangaren på eit stemne i Seljord. Svein bruka også stundom namnet "Sildraren" på denne. Kanskje er dette eit eldre namn. Men det er Tinnemann som har blive det namnet som har festa seg i tradisjonen.

Tinnemann var lensmannen Ole Olsen Sem (1680-1765) i Heddal. Han var fødd på Sem, men gifte seg med enkja på Hovdejord, som var hans søskenbarn, og blei slik heitande Ole Hovdejord.

Han virka i embetet sitt under dansketida og blei ein helt for norskdomen. Nokre danske offiserar hadde nemleg sete i Heddal og som lensmann og den rikaste i bygda var han særst ueinig i måten desse styrde over bygdefolket på. Dei forlanga skattar av bøndene som allereie bøndene hadde betala staten.

Ole skal ha jula opp to underoffiserar på Tubås for dette og danskane blei ikkje meir nøgde av den grunn. Slik oppstod det ein konflikt mellom bygdefolket, med lensmannen i spissen, og dei danske offiserane.

Hovdejord prøva fyrst på fredeleg vis å snakke dei til fornuft, men dei ville ikkje høyre på honom. Difor samla han alle bøndene, som fekk væpne seg med dei våpna dei hadde, og dei møtte opp i skarar på ekserserplassen, som den gong låg på Rye.

Bøndene var da så mange at offiserane blei redde. Dei kjende på ingen måte at soldatane deira kunne stå i mot desse hordane. Difor ba dei lensmannen om å møte opp åleine og våpenlaus på same plass dagen etter, så dei kunne bli forlikte på ein human måte.

Ole møtte opp som avtala var, men da han kom fram var avtala broten. Offiserane hadde funne fram våpna sine – både sablar og pistolar.

Kaptein Nägler høgde straks etter Hovdejord med sabelen. Ole prøva verne seg med ein stol, men med eitt hardt slag kapp Nägler av Ole si venstre hand.

Hovdejord var beinhard. Han sprang ut og inn i næraste smie og stakk armstubben inn i glørne i peisen for å stogge blodet.

Deretter skal han ha tralla på denne slåttan og dansa ein kraftdans for danskane, for å syne at dette ikkje leita på honom. Kanskje gjorde han dette også for å lindre smerta – liksom tenkje på noko anna enn kor vondt det var. Med denne manøveren kom i alle fall Hovdejord frå det med det meste av skinnet i behold, og danskane fekk sitt å tenkje på.

Lensmannen reiste seinare ned og meldte denne hendinga til Kong Fredrik den fjerde i Danmark. Men Nägler hadde kome han i forkjøpet og meldt ei anna historie til kongen. Kong Fredrik ville difor ikkje høyre av kva Ole hadde å fortelje. Men da synde Hovdejord fram handstubben sin og synde honom korleis krigsfolka åt kongen behandla dei stakkars bøndene i Noreg i fredstidene. Dette skaka kongen; "*Gud bevarer!*" sette han i, og såg etterkvart at heddølen hadde rett. Hovdejord fekk da velje kva straff han syntest Nägler fortente; "*Inga anna enn at han flyttast bort frå mi bygd!*" sa han til kongen.

Ole Hovdejord fekk laga seg éi handprotese i blick og éi i sylv, som han bruka til fint. Mange har også trudd at han hadde ei hand i tinn og at det var difor han blei kalla Tinnemann. Men diverre er det nok ei mindre hyggeleg historie som ligg bak det vednamnet.

For lensmannen kjem ikkje så heldig ut av det i heile sitt ettermæle. Det viser seg nemleg at han også var ein fæl kjeltring. Han misbruka embetet sitt til å lure til seg halve Heddal i gardar, heitest det. Me veit at han eigde gardar både i Heddal, Saude, Sauland og Helgen. Ein av desse gardane var den gjeve garden Tinne.

Lensmannen truga seg til å gifte seg med den berre 15 år gamle odelsjenta Åste på Tinne etter at han hadde skild seg frå si fyrste kjerring.

Åste Tinne var einearvingen på garden, men foreldra var naturleg nok i sine beste år ennå og hadde ikkje tenkt å gje frå seg garden på lang tid. Ole forlanga derimot at garden skulle skrivast over på honom med ein gong, men faren på Tinne stod på sitt og blånekta.

Det kunne ikkje Hovdejord takle: Ikkje lenge etterpå fann dei faren drukna i Tinnå.

Da hadde Hovdejord leigd nokon til å drepe honom.

Lensmannen var den einaste til å stå for etterforskinga av drapet, og slik var saka grei.

Dermed fall garden over på Åste og Hovdejord, og han kunne endeleg sjå på Tinne som sitt, og blei med det kalla Tinnemann.

Han var heller ikkje snill med Åste. Tinnemann drakk seg ofte full og blei vrang i fylla. Ofte, når han kom heim full og vrang, truga han Åste til å tralle denne gangaren.

Kanskje var dette det einaste som kunne rogge den ville lensmannen ned. Han må ha hatt eit sterkt forhold til slåtten da det var denne han tydde seg til også når ulukka var ute med den danske offiseren og sabelen.

Gangaren Tinnemann har eit sørgmodig preg. Om det er smerta og kampen lensmannen var i gjennom da han miste handa si som kjem fram, eller om det er unge Åste si klage og naud som gjev undertonen i Svein Løndal si utforming, er uvisst. Men den særeigne lensmannen i Heddal, vil alltid minnast gjennom gangaren Tinnemann, om ikkje berre for sine bragder.

Anbefala innspeling:

Bjarne Herrefoss: "Draumespel" (BKMC39. Buen Kulturverkstad, 1990)

Kjelder:

- Samtaler med ymse spelemenn
- *O. H. Holta: "Hitterdalsboken" (opprett Lokalhistorisk Forlag, 1988)*